



16 år gamle Jone Rørheim Kjærland styrkar stadig posisjonen sin som storfiskar. No har han mellom anna teke ein laks på 9 kilo aom er personleg årsrekord og har kome opp i eit årskvantum på 29,5 kilo. Frå før hadde han fanga ein på 8, ein på 4,5 og 2 på 4 kilo.

uskedalen.no har spurt hans nærmaste kva Jone gjer som får så mykje fisk i motsetnad til andre, men det har dei rett og slett inga forklaring på.

Ellers har rapporteringa no passert 400 kilo fisk, nærare bestemt 403 og fisket held fram til 1. september for dei som har sesongkort. Det betyr at sluttresultatet i år vil bli langt svakare enn i fjor då det kom heilt opp i 1400 kilo.

Det er no fleire veker sidan kortsalet for døgnkort vart stansa. Det som skjer i år er ein ønska reduksjon og den har fleire årsakar.

Biletet av Jone er av han og fisken på 8 kilo.

Av Ola Matti Mathisen